

# Eksamen

23. november 2017

AKT2002

Administrasjonsfag

**Programområde: Aktivitør**

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

|                                  |  |
|----------------------------------|--|
| <b>Eksamenstid</b>               | Eksamen varer i 4 timar.   |
| <b>Hjelpemiddel</b>              | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.  |
| <b>Bruk av kjelder</b>           | <p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>  |
| <b>Vedlegg</b>                   | Ingen  |
| <b>Informasjon om vurderinga</b> | <p>Dette vert vektlagt i vurderinga:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Alle spørsmål er svart på</li><li>- Grunngevingar og refleksjonar kring vala dine</li><li>- Drøfting av samanhengar med grunngevingar og refleksjonar</li></ul>   |
| <b>Andre opplysningar</b>        | <p>Når du løyser oppgåva må du beskrive dei vala du tar og gje ei grunngeving.</p> <p>Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Presentere og bruke fagstoff, og grunnkje synspunkta dine og forslaga til løysing på oppgåva</li><li>- Trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>- Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>- Meistre relevante grunnleggande ferdigheiter</li><li>- Bruke eksempel der det er relevant</li><li>- Bruke fagterminologi på ein hensiktsmessig og etterretteleg måte</li></ul> |

## Oppgave

Du er tilsett som aktivtør på eit arbeidsretta tiltak for personar med utviklingshemming og personar som er på attføring/arbeidsopptrening. Tiltaket har til saman 30 brukarar av begge kjønn, i alderen 20-50 år. Du har fått i oppdrag å planlegge og legge til rette for eit julebord, med middag og underhaldning, for og med brukarane.

- Kva er måla med å arrangere julebord for brukarane? (minst tre mål)
- Lag ei skildring av korleis julebordet skal gå føre seg. Kvar skal det vere, kva skal serverast, kva for underhaldning?
- Grunngje vala dine for planlegginga/organiseringa.
- Korleis vil du informere brukarane om det som skal skje?
- Korleis vil du motivere brukarane til å delta i arrangementet?
- Korleis skal julebordet finansierast? Grunngje.
- Ei veke før julebordet skal arrangerast får du beskjed om at underhaldninga de har planlagt ikkje kan gjennomførast. Korleis løyser du situasjonen?
- Drøft vala dine av underhaldning ut frå brukarane sine fysiske og psykiske føresetnader.

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

|                                   |  |
|-----------------------------------|--|
| <b>Eksamenstid</b>                | Eksamen varer i 4 timer.   |
| <b>Hjelpemidler</b>               | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.  |
| <b>Bruk av kilder</b>             | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur.   |
| <b>Vedlegg</b>                    | Ingen  |
| <b>Informasjon om vurderingen</b> | Dette blir vektlagt ved vurdering: <ul style="list-style-type: none"><li>- Alle spørsmål er besvart</li><li>- Begrunnelser og refleksjoner rundt dine valg</li><li>- Drøfting av sammenhenger med begrunnelser og refleksjoner</li></ul>   |
| <b>Andre opplysninger</b>         | Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse.<br><br>Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å: <ul style="list-style-type: none"><li>- Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven</li><li>- Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger</li><li>- Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg</li><li>- Mest relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>- Bruke eksempler der det er relevant</li><li>- Bruke fagterminologi på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul> |

## Oppgave

Du er ansatt som aktivtør på et arbeidsrettet tiltak for personer med utviklingshemming og personer som er på atfering/arbeidsopptrening. Tiltaket har til sammen 30 brukere av begge kjønn, i alderen 20-50 år. Du har fått i oppdrag å planlegge og tilrettelegge et julebord med middag og underholdning, for og med brukerne.

- Hva er målene med å arrangere julebord for brukerne? (minst tre mål)
- Lag en beskrivelse av hvordan julebordet skal foregå. Hvor skal det være, hva skal serveres, hvilken underholdning?
- Begrunn dine valg for planleggingen/organiseringen.
- Hvordan vil du informere brukerne om det som skal skje?
- Hvordan vil du motivere brukerne til å delta i arrangementet?
- Hvordan skal julebordet finansieres? Begrunn
- En uke før julebordet skal arrangeres får du beskjed om at underholdningen dere har planlagt ikke kan gjennomføres. Hvordan løser du situasjonen?
- Drøft dine valg av underholdning ut i fra brukernes fysiske og psykiske forutsetninger.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)